



Arkivnr: 2018/14306-3

Saksbehandlar: Tor Harald Rødseth

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		07.11.2018
Fylkesutvalet		21.11.2018

Søknad om fornying av ruteløyve for strekninga Bergen - Voss - Aurland - Sogndal - høyring

Samandrag

Nettbuss AS har søkt om fornya ruteløyve for strekninga Bergen – Voss – Aurland – Sogndal. Sogn og Fjordane fylkeskommune er løyvestyresmakt. Fylkesrådmannen finn at ei positiv tilråding til søknaden kan bidra til å halde oppe eit godt rutetilbod på strekninga Trengereid – Bolstad – Stalheim, og i samsvar med klimaplanen. Fylkesrådmannen rår difor til at fylkesutvalet tilrår at søknaden vert imøtekomen

Økonomi: Ei positiv tilråding kan bidra til å halde oppe eit godt rutetilbod på strekninga Trengereid – Bolstad – Stalheim.

Klima: Ei positiv tilråding vil vere i samsvar med klimaplanen.

Folkehelse: Ingen verknad.

Regional planstrategi: Ingen verknad.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet rår til at søknaden frå Nettbuss AS om fornya ruteløyve for strekninga Bergen – Voss – Aurland – Sogndal vert imøtekomen, på vilkår av at det ikkje vert utført lokaltransport på strekninga Bergen sentrum – Indre Arna.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 16.10.2018

Bakgrunn

Fylkesutvalet har i brev av 18.09.18 frå Sogn og Fjordane fylkeskommune (SFFK) fått til høyring søknad frå Nettbuss AS¹ om fornying av ruteløyve for strekninga Bergen – Voss – Aurland – Sogndal.

Ruteløyve og løyvestyresmakt

Den som har turvognløyve kan søkje om særskild løyve for å drive persontransport i rute (ruteløyve og rutetransport). Ruteløyver vert tildelt på grunnlag av ei behovsvurdering av løyvestyresmaktene. Ruteløyver gjeld for 10 år.

Løyvestyresmakt for fylkesgrensekryssande ruteløyve er den fylkeskommunen der søkjar har hovudkontor, eller den fylkeskommunen som tek hovuddelen av transporten. Søkjaren i denne saka har hovudkontor i Oslo. Den aktuelle søknaden gjeld ikkje Oslo, og vert difor handsama av SFFK, som tek hovuddelen av transporten. Samferdselsdepartementet har presisert at søknader om fylkesgrensekryssande ruteløyve skal godkjennast når det ikkje ligg føre tungtvegande grunngeving for avslag.

Søknaden

Nettbuss og innfusjonerte selskap har nytta ruteløyvet det vert søkt om fornying av i over 10 år. Drifta vert marknadsført under namnet 'Sognebussen'. I Hordaland utfører Sognebussen lokaltransport på strekninga Indre Arna – Bolstad – Stalheim. Det er fire turar kvar veg på kvardagar og tre i helgane. Parallelt køyrer Skyss ein tur dagleg unnateke laurdagar, og ekspressbussruta Øst-Vest Xpressen ein tur alle dagar. Skyss har i sine rutetabellar for linje 950 Bergen – Dale – Voss, medrekna den gjeldande, teke inn dei to ekspressbussrutene sine turar.

Fylkesrådmannen si vurdering

I klimaplan for Hordaland 2014-2030 er det sett mål om å redusere klimagassutslippa i fylket. Fylkesrådmannen finn at tilbod om busstransport som alternativ til privatbil- eller flytransport er tenleg for dette formålet. Det er ikkje fylkeskommunen si oppgåve å drive fylkesgrensekryssande busstransport, og det er difor positivt at ein kommersiell aktør finn grunnlag for det på strekninga Bergen - Sogndal.

Langs store deler av Sognebussen sin trasé er grunnlaget for lokale ruter lite. Dette gjeld særleg strekninga Takvam – Bolstad – Voss – Stalheim. På strekninga Takvam – Voss ville det berre gått ein dagleg tur utan Sognebussen eller større økonomisk innsats frå fylkeskommunen. Dei økonomiske rammene for tilskot til kollektivtransporten er avgrensa. Det er difor vedteke i kollektivstrategiplanen å setje den største økonomiske innsatsen inn der behovet for kollektivtransport er størst.

Dei fylkesgrensekryssande rutene frå/til Hordaland er viktige for kollektivtransporttilbodet i distrikta, og det er difor viktig at desse kan utføre lokaltransport der. I sentrale strok må tilbodet organiserast av Skyss.

Fylkesrådmannen rår på grunnlag av ovannemnde til at ein tilrår at søknaden frå Nettbuss vert imøtekomen på vilkår av at det ikkje vert utført lokaltransport på strekninga Bergen sentrum – Indre Arna.

¹ Organisasjonsnummer 976 948 394.